

Til Lisbeth Alvær og OG Arkitekter

Vedr. moglegheitsstudie Rådhuset og Prestegarden på Manger.

Radøy Musikkråd og korpsa på og rundt Manger er gjort kjend med at det skal være ei moglegheitsstudie for Rådhuset og Prestegarden i samband med kommunesamanslåing og om utvikling av Manger etter 1/1 2020.

Me synes dette er svært spanande prosessar og tenkjer at her er eit viktig høve til å sjå på moglegheiter for å kunne få til ein kulturplass der korpsa også kan ta del.

For å utvide horisonten til arkitektane ber me om at også tankar og idéar om øvings- og konsertaktivitetar for korpsa vert tatt med i dette studiet.

Skulekorpsa på Radøy, Manger Musikklag, Manger Old Star Brass og Radøy Brass er alle svært interessert i å samle aktivitetar slik at det kan skape god bruk av bygget på dag, kveld og helg, samt gode øvings- og konsertmoglegheiter elles for kulturlivet på Radøy.

Eg, Martin Frantzen, og Steinar Brevik representerer Radøy Musikkråd, i tillegg til at me begge er aktive medlemmer i korpsbevegelsen i kommunen.

Kjetil Morken (tlf. 480 52 319) og Sveinung Kvamme (tlf. 909 57 578) har rådhuset som arbeidsplass. Begge har lang fartstid frå korps og kjenner kva som vil være gode rammebetingelser for at lokale kan være tenlege og gode for korpsøvingar og konsertar.

Dei kan kontaktast for spørsmål/idéutkast.

Steinar Brevik (leiar i RMR) kan kontaktast på e-post steinarbrevik@gmail.com og på tlf. 920 34 968

Martin Frantzen kan kontaktast på e-post mar.frantzen@gmail.com og tlf. 988 59 028

Me er svært interessert i ein dialog med arkitektane.

Me tenker at det er viktig at desse momenta vert tatt med tidleg i prosessen og at ein dialog med arkitektane. Dette vil kunne gje nyttige innspel til kva kombinasjonar av god bruk som er mogleg for rådhuset i framtida.

Radøy Musikkråd vil rose kommunen for dristig og framtidsretta tenking på området. Dette kan verte svært spanande løysingar for Manger både som senter, kulturplass og ein måte å sikre god og mykje aktivitet i det sentrale bygget på Manger.

Ta kontakt for eventuelle spørsmål.

Me møter gjerne til eit møte med arkitektar, administrasjon og politikarar om dykk ynskjer dette.

Med venleg helsing,

Steinar Brevik og Martin Frantzen
for Radøy Musikkråd